

Agder Sekretariat
Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Postboks 120
4491 Kvinesdal
Bankkonto:
3080 32 25660
Organisasjonsnr.:
988 798 185

VALLE KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

MØTEBOK

Møte nr.02/16

Dato: 17.03.2016 kl. 13.00- 14.30

Stad: Kommunehuset, formannskapssalen

Til stades:

Knut H. Nomeland, leiar
Kent M. Lund, nestleiar
Kjell Ove Tveiten
Gyro K. Uppstad
Steinar H. Homme, varamedlem

Ann Christin Jacob hadde forfall

Dessutan møtte:

Revisjonssjef Tor Ole Holbek
Utvalssekretær Kjell Ivar Hommen
Rådmann Eivind Berg (sak 06/16)

Det var ingen merknader til innkalling og sakslista.

SAKSLISTE:

SAK 04/16 PROSJEKTPLAN
SAK 05/16 NUMMERERT BREV NR 62 FRÅ REVISOR
SAK 06/16 KOMMUNEREKNESKAPEN FOR 2015 - ORIENTERING

Referatsaker:

R 04/16 Referat frå representantskapet i Agder Kommunerevisjon IKS
R 05/16 Tilsynsrapport
R 06/16 Rapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Valle kommune

Fast post: Revisor orienterer

Eventuelt

Eierkommuner:
Audnedal, Bygland, Bykle, Evje og
Hornnes, Farsund, Flekkefjord,
Hægebostad, Iveland, Kvinesdal,
Lindesnes, Lyngdal, Mandal,
Marnardal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:
Daglig leder Kjell Ivar Hommen
Telefon: 97 51 02 98
E-post: kjell.ivar@asekretariat.no

Saksbehandler Willy Gill
Telefon 90 95 62 46
E-post: willy.gill@asekretariat.no

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Valle, 17. mars 2016

Godkjenning av møteboka:

Knut H. Nomeland

Kent M. Lund

Kjell Ove Tveiten

Gyro K. Uppstad

Steinar H. Homme

Utskrift vert sendt til: Kontrollutvalets medlemmer og varamedlemmer, ordfører, rådmann, revisor, Gunn Marith Homme og Setesdølen

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Møtebok 17. mars 2016

Valle kontrollutval

SAK 04/16 PROSJEKTPLAN

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber Agder Kommunerevisjon IKS om å gjennomføre ei undersøking innafor tilskotsforvaltninga i Valle kommune. Ein ynskjer ei undersøking av desse tilhøva:

- **Er det utarbeidet eintydige kriterier/vilkår for tildeling av tilskot innafor dei ulike tilskotsordningane?**
- **Blir sentrale krav i forvaltningsloven etterlevd i forbindelse med saksbehandling og vedtak, blant anna kva angår informasjon i vedtak til tilskotsmottakarar?**
- **I kor stor grad er det etablert rutinar for å kontrollere sentrale punkter i søknadene?**
- **Er søknadene tilstrekkelig dokumentert og etterprøvbare?**
- **I kor stor grad er det etablert rutinar for å krevje tilbakebetaling av tilskot dersom rapportering viser at tilskotet ikkje er brukt i samsvar med føresetnaden for vedtak.**

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Kjell Ivar Hommen

SAK 04/16 PROSJEKTPLAN

Vedlegg:

Prosjektplan av 8. mars 2016 frå Agder Kommunerevisjon IKS

Kva saka gjeld:

Ein syner til sak 02/16 i kontrollutvalet som gjorde slikt samrøystes vedtak:

«Kontrollutvalet ber Agder Kommunerevisjon IKS om å gjennomføre eit forvaltningsrevisjonsprosjekt « Vurdering av praktiseringa av kommunale reglar for tilskot i landbruket og tilskot til bustadbygging».

Kontrollutvalet ynskjer å få ein prosjektplan til vurdering som grunnlag for ei drøfting av formål, problemstilling, gjennomføring, tidsplan og ressursbruk før prosjektet vert starta.»

Bakgrunnen for saka var brev frå Bjørgulv N. Berg, kor han peiker på fleire tilhøve kor han meiner at det har vore brot på kommunale regelverk.

Agder Kommunerevisjon IKS har kome med ein prosjektplan som inneheld framlegg til formål og problemstillingar, revisjonskriterier, metodebruk, tidsplan og ressursbruk.

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Ein syner til vedlagte prosjektplan.

Kontrollutvalet må drøfte om dei problemstillingane som kjem fram i prosjektplanen er i samsvar med det som utvalet ynskjer å få vurdert med utgangspunkt i breva frå Bjørgulv N. Berg.

Prosjektet slik det er lagt fram, er planlagt ferdig i 2016, med ein tidsbruk på inntil 200 timer.

Ut frå dei drøftingane som har vore i kontrollutvalet omkring denne saka, kan ein tenkje seg at det er mogeleg å gjere prosjektet noko mindre og med mindre ressursbruk.

Ein må vurdere om det er budsjetterte midlar til gjennomføring av prosjektet i 2016, eller om ein må søke kommunestyret om ekstra midlar.

Ein kjem ikkje med framlegg til vedtak i saka.

SAK 05/16 NUMMERERT BREV NR. 62 FRÅ REVISOR

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek svaret frå rådmannen v/ økonomisjefen til etterretning.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Kjell Ivar Hommen

SAK 05/16 NUMMERERT BREV FRÅ REVISOR

Vedlegg:

Nummerert brev frå revisor

Kva saka gjeld:

Kontrollutvalet fekk nummerert brev nr. 62, datert 5. november 2015 frå revisor med kopi til rådmann.

Revisor peiker i brevet på at dei hadde avdekka at rekneskapen ikkje var laupande oppdatert. Dei syner til at avstemming av bankkontoar ikkje var oppdatert, og at sjukepengar var inntektsført til og med juni 2015.

Sekretær sende mail, datert 7. desember 2015 til rådmannen kor ein bad om at det vert sett i verk naudsynte tiltak slik at rekneskapen vert laupande oppdatert.

Den 18. januar 2016 vart det sendt ein ny mail til rådmannen der ein ynskte tilbakemelding på kva tiltak som var gjort, slik at kontrollutvalet kunne bli orientert i sitt møte 26.01.2016.

De 26.01.2016 vart det motteke ein mail frå økonomisjef Wenche E. Gundersen som lydte slik:

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

«Svar på brev nr. 62 frå revisjonen

Dei to punkta som er ført opp har samanheng. Innbetalte sjukepengar etter juni 2015 var oppført på bankavstemming og var ikkje inntektsført i rekneskapen då brevet nr. 62 kom. No er vi ajour pr. oktober 2015. Sjukemeldingar til NAV er sendt fortløpande, og det er berre inntektsføringa som har eit etterslep. Vi skal få ordna opp i dette i samband med rekneskapsavslutninga. Vi held framleis på med opplæring på handtering av sjukepengar. Tora Rysstad Haugen som slutta på løn i juni skal gå gjennom det som står att av sjukepengar saman med Anne Berit Haugen Solheim, som tok over lønsarbeidet frå juli 2015. Det har vore mykje å sette seg inn i for ho og prioritet ein har vore at dei tilsette skulle få rett løn til rett tid, og A-melding.

Ved tertialrapporteringa har avdelingsleiarar blitt informert om at det er etterslep på inntektsføring av sjukepengar, slik at dei kan take omsyn til det i sine kommentarar.

Ein kan ikkje sjå at vi har etterslep i høve omsetningsoppgåver og kompensasjonsoppgåver. Det blir bokført og remittert tilviste bilag fortløpande.»

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek svaret frå rådmannen v/ økonomisjefen til etterretning.

SAK 06/16 KOMMUNEREKNESKAPET FOR 2015 - ORIENTERING

Rådmann Eivind Berg orienterte om framdrifta for levering av kommunerekneskapen for 2015, og om dei resultata som rekneskapen syner. Han opplyste at tidsplanen for revisjon av rekneskapen i Valle kommune var endra pga. tilhøve i andre kommunar

Ein reknar med at rekneskapen kan handsamast i kontrollutvalet sitt møte 24. mai 2016.

Referatsaker:

Desse sakene vart referert og teke til orientering:

R 04/16 Referat frå representantskapet i Agder Kommunerevisjon IKS

R 05/16 Tilsynsrapport

R 06/16 Rapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Valle kommune

Fast post: Revisor orienterar

Eventuelt

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Neste møte i kontrollutvalet vert 24. mai 2016.